

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 02.06.20

Vår ref: 2020/260

Dykkar ref: 20/2347 – 20/16113

Alver kommune

ALVER, ALVERSTRAUMEN KAI – DETALJREGULERING 133/7 M.FL.

Viser til brev av 31.03.20 med vedlegg, om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordand Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguléringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Alverstraumen kai

Detaljreguleringa legg til rette for mellom anna to lågblokker, kaiområde og småbåthamn.

Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i området på Fiskeridirektoratet si nettside. Ein vil derimot peike på at det vert fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.



Ved vurdering av småbåthamner/-anlegg må ein ha med seg den potensielle forureininga ei slik hamn/anlegg føre med seg. Det er viktig at det blir lagt til rette for miljøvenlege småbåthamner/-anlegg. Det finst mellom anna to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner:

- COWI (2017), *Miljøvennlige småbåthavner*, som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda (utarbeida på oppdrag frå Miljødepartementet).
- CIENS (2011), *Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus*, gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Det er også viktig at fortøyinger blir avgrensa mest mogeleg.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Vestland